
Fra: Anne Lise Molvik
Sendt: 8. mai 2015 10:53
Til: 'magnus.helgesen@boligpartner.no'
Kopi: 'randisletten@gmail.com'; 'firmapost-vest@vegvesen.no'
Emne: Gjeld søknad om igangsetjingsløyve - gbnr 45/6 - Lindås kommune.

Til Majo Eigedom AS
Gjeld tiltak på gbnr 45/6, arkivsak 14/4022

Kopi: Tiltakshavar
Statens vegvesen v/ Kari Elster Moen (ref 214/053474-006)

Lindås kommune viser til godkjend arbeidsvarslingsplan for arbeid knytt til utbetring av avkjørsla til fv 399, mottatt 07.05.2015, med melding om at igangsetjingsløyve for resten av arbeidet no kan gjennomførast.

Statens Vegvesen gav i vedtak datert 23.03.2015 førehandstilsegn på utvida bruk av avkjørsla frå fv 399. I førehandstilsegnet er det sett vilkår om at kommunen ikkje skal gje igangsetjingsløyve utover nødvendig grunnarbeid før endeleg godkjend avkjøringsløyve frå Statens vegvesen ligg føre. Kommunen gav i vedtak datert 26.03.2015 rammeløyve og igangsetjingsløyve for grunnarbeidet. Igangsetjingløyvet omfatta også arbeidet med utbetring av avkjørsla.

I samsvar med vilkår som er sett i førehandstilsegnet og i rammeløyvet/igangsetjingsløyvet for delar av tiltaket, kan ikkje ytterlegare igangsetjingsløyve for tiltaket gjevast føre avkjørsla er endeleg godkjend av Statens Vegvesen. Når avkjørsla er opparbeidd etter krava vert bruksløyve gitt av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tar kontakt med saksbehandlar der.

Mottatt dokumentasjon gjeld godkjend arbeidsvarslingsplan for arbeidet med avkjørsla. Før kommunen kan gje igangsetjingløyve for resterande arbeid må det liggja føre endeleg godkjenning av avkjørsla eller bruksløyve frå Statens Vegvesen. Tiltakshavar må kontakta Statens vegvesen når det gjeld dette. Lindås kommune vil gje igangsetjingsløyve straks dette er mottatt.

Mvh

*Anne Lise Molvik
Rådgjevar
Lindås kommune*